



Ny ytterdør på plass på Fjelly

Laurdag vart det montert ny ytterdør på lagshytta Fjelly. Janne Yri og Michael Røssland gjorde jobben. Dette er gjort etter at det vart gjort vedtak på årsmøtet at ytterdøra skulle skiftast.

Ytterdøra er i hovudsak finansiert ved midlar som kom inn då musikklaget og ungdomslaget arrangerte kulturkafè i vår. Uskedal Trelastlager har levert døra, og Oddmund Soldal har med egne krefter bore døra opp Hauglandsvegen og på stien fram til hytta.

Med dette er det på nytt gjort eit framifrå arbeid med å halda ungdomslagshytta i god stand. Tidlegare i år er det kome ny bordkledning på drevsida. Det manglar berre måling, men det kan bli gjort om kort tid.

Elles har hyttestyret planlagt og prosjektert oppgraderingar før 100 års-jubileet. Dei skal blant anna montera nytt kjøken. Gledeleg er det at hytta har vore godt brukt i heile sommar av barnefamilier. No kan ein starta oppgraderingane.

Hytta som ligg idyllisk til ved Manssvatnet med mykje fjellaure, kan leigast av alle svært billeg, ja, nesten gratis. [Fleire opplysningar, klikk her.](#)



[Eldsjeler syt for godt vedlikehold av ungdomslagshytta Fjelly.](#)

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Michael Røssland/Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland